

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **6. juni 2019** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av nestleiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 11.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Otto Underbakke (H), Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	3. vara Olav Martin Skaar (V) t.o.m. sak 14
FORFALL:	Vanja Ignjatic (H), og 1. og 2. vara
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Rune Eskeland, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sjukefråvær blei drøfta som ein Ymse sak. Fyrste gong mellom sak 14 og 15, og så som siste sak.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.04.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 30.04.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 06.06.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.06.19:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 30.04.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.06.19

19. Orientering om bruk og oppfølging av målbruksplan v/rådmannen
20. Statusoversyn pr. mai 2019
21. Perioderapportering pr. 30.04.19 frå Rogaland Revisjon IKS
22. Protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
23. Protokoll frå rep.møte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS
24. Innkalling til generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
25. FKT og Arendalsuka 2019 – info skriv frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 06.06.19:

Pkt. 19 - Orientering om bruk og oppfølging av målbruksplan

Rådmannen orienterte. Han delte ut målbruksplanen som blei vedteken av kommunestyret i 2014 og heftet «Språkrettleiar». Suldal er ein tydeleg nynorsk-kommune. Det blei arbeid aktivt for å følgje opp målbruksplanen i praksis, mellom anna med nettbaserte kurs for tilsette.

Rådmannen svara på spørsmål undervegs. Utvalet var nøgd med orienteringa.

Møteleiar gjorde greie for referatsakene 20 – 25. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.06.19:

Referatsakene 19 - 25 blir tatt til orientering.

SAK 13/19 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Oppfølging av politiske vedtak» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 06.06.19:

Møteleiar orienterte om saka. Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå rådmannen og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.06.19 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Oppfølging av politiske vedtak» til orientering.

SAK 14/19 REVISJONSRAPPORT – «EIGARSKAPSFORVALTNING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Eigarskapsforvaltning» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine fire tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 06.06.19:

Revisor Eskeland orienterte om rapporten og viste ein presentasjon på skjerm. Han gjorde mellom anna greie for føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, utvalde selskap, kommunen sin eigarskapspolitikk og eigarstyring. Han gjorde også greie for revisjonen sine funn og tilrådingar til kommunen. Revisor og rådmannen svarte på spørsmål undervegs.

Utvalet var nøgd med rapporten og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.06.19 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Eigarskapsforvaltning» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine fire tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 15/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber sekretariatet om å vurdera dei innspela som kjem fram, og å legge fram ny sak om «*Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019*» til neste møte i kontrollutvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 06.06.19:

3. vara Skaar meinte han ikkje hadde noko å bidra med i saka og ønskte å fråtre. Møteleiar stetta han i det, og han forlèt møtet.

Medlemmene gav ei munnleg tilbakemelding på spørsmåla i FKT-skjemaet. Møtesekretær vil samanfatte tilbakemeldingane og kome tilbake med saka i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.06.19 (4 voterande):

Suldal kontrollutval ber sekretariatet om å vurdera dei innspela som kjem fram, og å legge fram ny sak om «Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019» til neste møte i kontrollutvalet.

YMSE

Sjukefråvær

3. vara Skaar viste til at sjukefråværet i kommunen er svært høgt. Han meinte det viste at organisasjonen hadde store utfordringar og at det ikkje blei arbeidd godt nok internt for å redusere fråværet. Rådmannen kommenterte saken, og opplyste at det var stort fokus på dette arbeidet internt. Kommunestyret vil bli orientert i nær framtid, og AMU arbeider aktivt innanfor dette feltet.

Medlemmene følte seg trygge på at rådmannen og organisasjonen jobbar målretta og godt med å redusere sjukefråværet. Utvalet ønskte ikkje å gå vidare med denne saka no.

Neste møte: torsdag 05.09.19, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 06.06.19

Tormod Skeie
Nestleiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær